

Skulearket desember 2010

Skånevik skule



Så er me inne i innspurten også for dette semesteret. Tentamen, juleverkstad, baking og andre juleaktivitetar er i gong.

Litt om det som skjer framover:

Juleverkstad

Klassane har juleverkstad til ulike tider framover. Informasjon om dette blir gitt i lekseplanane. Her vil det nok stå ein del anna informasjon og desse siste vekene, så det er bra om ein kikkar ekstra godt på dei nå.

Søndag 12. Julekonsert i kyrkja

Elevar i 1.65. kl er spurd om å delta med eit par songar. Avheng av kor mange som kan møta.

Torsdag 16. Skulegudsteneste

Alle elevane og barnehagen har felles gudsteneste kl 10.00

Elevar kjem til å bidra med song, opplesing m.m. og foreldre som har lyst til å vera til stades er velkomne. Det er høve til å be elevane fritatt for å delta på skulegudsteneste. Ta i så fall kontakt med underteikna (rektor).

Fredag 17. Grautdag

Tradisjonen tru serverar FAU/foreldre graut til elevar og lærarar denne dagen.

Elevane tek med **kr 20,-** som betaling for grauten. I tillegg må alle må ta med seg **tallerk, skei og kopp.**

Måndag 20. Volleyballturnering

Volleyballturnering for u-steget dei 4 siste timane i idrettshallen

Tysdag 21. Kl. 18.00 Juletefest for 1.-7.kl.

Elevane lagar programmet. FAU arrangerar festen og foreldre er sjølvsagt velkomne. Spesielt velkommen er elevane som nett skreiv seg inn på skulen. FAU vil gjennomføra ei lita utlodding som kan gi inntekt til FAU og dekkja utgifter til festen. Ta derfor med litt mynt.

Nytt i år: FAU vil i år at alle føresette tek med mat på juletefesten. Det kan vera eit fat med skiver, lappar, kaker, boller o.l., nok til sin familie (kveldsmat?).

Småskulen har juleferie når feste er slutt.

Onsdag 22.

Denne dagen sluttar elevane (dvs 5. ó 10.kl.) kl 11.00. Då går og skuleskyssen.

Første skuledag etter nyttår er tysdag 4. januar

Elevane får ikkje mjølk og frukt tysdag etter nyttår. Elevane må derfor ta frukt og drikke med seg sjølv om dei ynskjer det.

Underteikna og personalet på skulen vil ynskja alle heimane ei riktig god adventstid og jule-/nyttårshelg.



Helsing Kjell Ingvald